


HISTO
RIKAR
VERK
SEMDA

Kulturmiljødokumentasjon

Folldalen, Ytrebygda
gnr. 120 / bnr. 415 m.fl. – Bergen kommune



Innhald

Innleiing	3
Historisk utvikling	4
Registrerte kulturminner	8
Skildring av dagens kulturmiljø	9
Skildring av planområdet	16
Einebustad, Kvernslåttvegen 46, gnr 120, bnr 415	19
Løa, gnr 120, bnr 456	20
Veksthus, gnr 120, bnr 455	21
Bakkemurar	21
Kvernslåttvegen 24, gnr 120, bnr 454	22
Kvernslåttvegen 26, gnr 120, bnr 431	22
Det nye prosjektet – konsekvernsar for eksisterande kulturmiljø	23
Litteratur og kjelder	28

April 2023

PROSJEKT: 71030000 Ytrebygda, Gnr. 120, Bnr. 415 m. fl.,
Folldalen, boliger, Reguleringsplan
Saksnummer (Bergen kommune): PLAN-2022/20722
TILTAKSHAVAR: JM Norge
KONSULENT: Sweco Architects AS

UTARBEIDD AV: Historikarverksemda SA
Silje Een de Amoriza, faghistorikar
KONTAKT: silje@historikarverksemda.no | +47 930 92 524

Innleiing


Historikarverksemda SA har utarbeidd føreliggande kulturmiljødokumentasjon i samband med detaljregulering for prosjekt i Folldalen, Ytrebygda, gnr. 120 / bnr. 415, 431, 453–456. m. fl. i Bergen kommune, på oppdrag frå JM Norge. Plankonsulentar er Sweco Architects AS.

Planområdet ligg ved Råstølen bybanestopp, og er på ca. 37,2 daa. Det grenser mot Steinsvikvegen i nord, og Kvernslettvegen i vest, og til dels sør. Mot aust grenser tomte til ein gangveg som forbinder området med nordsida av Steinsvikvegen. Planområdet sin topografi er kupert, med innslag av vatn og høge tre.

Her finst i dag tre einebustadar (Kvernslettvegen 24, 26 og 46) ei eldre løe, nokre veksthus og tilhøyrande terrasserte murstrukturar. Planområdet var tidlegare del av gardsbruket Folldalen, før her i 1920 vart etablert ein planteskule. Utbyggar sin intensjon med planforslaget er utbygging

til bustadføre mål med ca. 120–130 bueningar. For å gjennomføre prosjektet er det planlagt å rive dei tre einebustadane, i tillegg til veksthusa. Ein har tenkt å bevare løa og sette den i stand som del av prosjektet i tillegg til dei terrasserte bakkemurane.

Denne kulturmiljørapporten dokumenterer historie og kulturminner i og i nærleiken av planområdet – gjennom tekst, bilder og kartmateriale. Rapporten er basert på aktuell litteratur og relevante kjelder – mellom anna tinglyst materiale, byggesaker, kart, teikningar, fotografi – i tillegg til observasjonar gjort under synfaring av planområdet. Synfaring av planområdet blei utført av faghistorikar Håvard Klyve Parr frå Historikarverksemda 14. mars 2023. Alle foto er tatt av Historikarverksemda under denne synfaringa med mindre anna er oppgitt i bildeteksten. Rapporten er skriven av faghistorikar Silje Een de Amoriza. Den bygger delvis på ein tidlegare rapport frå 2014, skriven av Bergen Eiendomsrådgiving AS.



Historisk utvikling

Planområdet er del av gardsbruket Folldal som ligg under Sørås gård. Nordås og Sørås var opphaveleg éin gard, Ås, og saman med Skjold reknast desse som dei eldste etablerte busetningsplassane. Dei kan ha vore etablert alt i folkevandringstida (ca. 400–570 evt.), og vart truleg delt før Svartedauden. I middelalderen tilhørte Sørås Nonneseter kloster, og ser då ut til å ha sokna til Birkeland kyrkesokn. Frå rundt år 1600 sokna Sørås til Fana kyrkesokn. Garden vart i 1528 overtatt av Vincens Lunge, og var i Lunge-slekta si eige til 1680, då den vart kjøpt av landkommissær Hans Hjort på Stend. Den kom i bonde-sjølveige i 1853. Sørås var barndomsheimen til komponisten, organisten, kordirigenten og sangpedagogen Lars Søråas d.e. (1862–1925). Sørås vart ekspropriert av Fana kommune til

vegføremål i 1966. Folldal vart skilt ut som eige bruk i 1920, og Olav Eide etablerte Eides planteskule her. Etablering av planteskular var ein del av den store moderniseringa og omlegginga av jordbruket i mellomkrigstida. Ytrebygda og Fyllingsdalen var dei delene av Bergen der dette hadde størst innverknad. Dette var ein viktig del av utviklinga av Ytrebygda på denne tida.

Folldalen vart skilt ut frå utmarka til Sørås gård. Og dette skjedde ei ei tid då enkelte av brukarane på Sørås gård selde ut mange parsellar til bygging av bustadhus.


Etter 1950 var det ei kraftig utbygging i området, og jordbruksland veik for bustadområder og motorveg.



Foto frå Sørås i 1930-åra, eit område framleis prega av jordbruk. Bildet er ikkje frå planområdet, men like i nærleiken og viser kulturmiljøet på denne tida. Foto: Bergen kommunes bildearkiv.




Flyfoto frå 1951. Planområdet med våningshus med adresse Kvernslåttvegen 46 og løe, og bustadhus med adresse Kvernslåttvegen 24 er omtrentleg markert med grøn sirkel. På flyfoto ser ein også tydeleg spor av kultivering/dyrking i planområdet. Foto: Bergenskart.no




Flyfoto frå 1970. Planområdet er omtrentleg markert med grøn sirkel. Her ser ein at det aust- og søraust for planområdet er kome til fleire bustadar om ein samanliknar med flyfoto frå 1951. Foto: Bergenskart.no



Flyfoto frå 1980 viser vidare utbygging aust for planområdet. Foto: Bergenskart.no



Flyfoto frå 2009 viser vidare utbygging aust, sør og vest for planområdet. Foto: Bergenskart.no



Flyfoto frå 2020. Foto: Bergenskart.no

Registrerte kulturminner

Det er ikkje registrert automatisk freda eller andre verneverdige kulturminner innafor planområdet i Askeladden-registeret. Her er ingen SEFRAK-registrerte bygg i eller i umiddelbar nærleik av planområdet.

I Bergenskart.no ser ein at Kvernslåttvegen 24, løa og tilhøyrande veksthus i planområdet er merkt av i kartlag «Vern hjemlet i PBL, reguleringsplaner» som «Bebyggelse som inngår i planen, kan ha vernebestemmelser». I brev datert 25.08.2022 stadfester Byantikvaren at «Eides planteskole har kulturminneverdi som historiefortellende element i Ytrebygda. En utbygging i området bør ta hensyn til eksisterende kulturminner da dette er viktig også for å styrke særpreget til Ytrebygda som bydel og styrke den lokale identiteten.»

Rundt 1,3 km nordvest for planområdet er det registrert ein buplass frå steinalderen på Steinsvikneset (Askeladden id. 25783),

og rundt 1,4 km nordøst for planområdet er det registrert ein gravhaug frå bronsealder-jernalder som er fjerna i nyare tid (id. 113993). Like sør for gravhaugen ligg Råheimstova, som er ei freda røykstove frå 1500-talet som vart flytta hit frå Gaular i Sogn på 1700-talet (id. 87180). Rundt 800 meter sør for planområdet er det registrert spor etter jordbruk (id. 160818) og ein bautastein (id. 45748), begge truleg frå jernalderen (id. 45748). Sørøst for desse er det registrert to kullmiler (id 108732, 108736) og ein eldstad (id. 108938). Ingen av desse er datert, så alderen er noko uvisst. Sørvest for planområdet ligg den freda bustadeigedommen, Siljustøl (id. 90621). Hovudbyggingen er frå 1939, og var heimen til komponisten Harald Sæverud og hans kone, Marie. Sørvest for Siljustøl er det registrert ei kokegrop som stammar frå overgangen mellom yngre steinalder og eldre bronsealder (id. 99807).



Kart over registrerte kulturminner i Askeladden, henta frå kulturminnerapporten frå 2014 over planområdet, skrive av Bergen Eienomsrådgivning AS.



Bygg i planområdet merkt av med svart i kartlag «Vern hjemlet i PBL, reguleringsplaner» som «Bebyggelse som inngår i planen, kan ha vernebestemmelser».

Skildring av dagens kultur- miljø

I den innleiande stedsanalysen for prosjektet er det omkringliggende området skildra slik: «Analyseområdet omfatter deler av Råstølen og området bort mot Lagunen. Råstølen sentrum og Lagunen er regulert som sentrumsområder, mens omkringliggende arealer er avsatt som byfortettingssoner, inkludert det aktuelle planområdet. KPA2018 angir at byfortettingssone skal utvikles med høy tetthet og kvalitet, basert på stedets særpreg. Grad av utnytting gis ut fra krav til byromsstruktur, byggehøyde og uteareal. I gjeldende reguleringsplan (plan-ID: 15760000) har området fått benevnelse B8b, og er avsatt til bolig, og i utgangspunktet en opprettholdelse av eksisterende bebyggelse. Planområdet ligger tett

forbundet med Råstølen sentrum, med bybanestopp, bussholdeplasser, restauranter og butikker. I tillegg ligger Zinken Hopp skole og idrettshall like ved, som fungerer som satellittskole for Søråshøgda barneskole (6.-7. klasse). Det er omtrent 300 meter gangavstand til bybanestoppet ved Råstølen. I umiddelbar nærhet er det to andre pågående reguleringsplaner. På planen i vest er en eneboligtomt tenkt fortettet med lavblokk i to volumer og totalt 10 boenheter, med med en utnyttelse på maks 90 %. I nordøst foreslås det etablert 45-50 nye boenheter langs fjellsiden i opptil 5-6 etasjer (over bakken).»

Om landskap og historie står det videre i


stedssanalysen: «Steinsvikvegen markerer et slags topografisk skille gjennom området, hvor det i nord er mer kupert og høyt enn i sør. På sørsiden har det tidligere blitt drevet landbruk på det flate arealet, men det er få tegn igjen etter dette i dag, etter som området har blitt sterkt fortettet etter Bybanen åpnet opp til Birkelandsskiftet i 2016. Mellom høydedragene i nord går det et dalsøkk mot sør og delvis gjennom det aktuelle planområdet. Søkket er frodig med en god del vegetasjon og sterke naturlige kvaliteter. I KPA er det også registrert som både økologisk korridor og blågrønn forbindelse. Innenfor foreslått planområde bygger terrenget seg noe opp mot øst før det skråner raskt ned mot dalen. Helt sør-vest i analyseområdet ligger Siljustøl, som er et svært viktig lokalt landskapsrom. Området er et kulturminne, og blir i dag brukt til blant annet museum. Det er også gode

turmuligheter i dette området. I løpet av 1920-tallet ble det startet Eides planteskole innenfor planområdet. Dette har påvirket vegetasjonen i området sterkt, og det er ikke registrert store naturverdier her utenom at området fungerer som habitat for vanlige arter.»


Strøkskarakteren rundt planområdet er i det store preget av einebustader og rekkehus. Like vest for planområdet er det eit område med lågblokker langs Steinsvikvegen og ei lågblokk langs Kvernslåttvegen. Langs Bybanetraseen er det dei siste åra kome til fleire bygg i nordvestleg retning med store volum. Bustadane aust for planområdet er i all hovudsak for 1960-80-åra, medan utbygginga vest for planområdet er del av utbyggingsbølga ein har sett i området dei siste tiåra. Hovudparten av bygga her er frå etter 2000.



Oversiktsbilde henta frå stedsanalysen.



Busetnadsstruktur henta frå stedsanalysen.



Kartlag henta frå Bergenskart.no som viser periodevis utvikling av busetnadsstruktur.



Planområdet med omgjevnadar. Planområdet merkt omtrentleg med grøn sirkel, sett frå Steinsvikvegen. Bildet er tatt frå nordaust. Til høgre i bildet ser ein nyare blokkbusetnad langs vegen.



Bygg med større volum frå nyare tid med kombinert busetnad/næring langs Bybanen. Bildet er tatt nordvest for planområdet.



Råstølen bybanestopp like nordvest for planområdet.



Kulturmiljøet like vest for planområdet, langs Kvernslåttvegen. Her ser ein kombinasjonen av einestader og lågblokk-busetnad ut mot Steinsvikvegen.



Einebustader like aust for planområdet.



Einebustader like nord for planområdet, på motsett side av Steinsvikvegen.




Siljusslåttens sjukeheim vest for planområdet. Foto: Google maps.



Rekkehusbusetnad i Harald Sæverud veg vest for planområdet. Foto: Google maps.

Planområdet består av einebustadar i sør, ein veg i aust og eit tidlegare jordbrukslandskap med tilhøyrande bygningar i nordvest. Utanom bygningane i området, er her fem bakkemurer nordvest i planområdet. Planområdet var som nemnt tidlegare del av utmarka til Sørås gård. Det er difor naturleg

å tenke seg at alt av bygningar og murar stammar frå etableringa av Eides plante-skole. Studerer ein flyfoto frå 1951 på side 5, så ser ein at planteskulen var utbygd med det som ser ut som terrassering av plante-bed o.l.



16



Veksthus og løe, bilde tatt frå vest.



Kvernslåttvegen 46 til venstre og til høgre bak vegetasjonen kan ein skimte Kvernslåttvegen 24. Bildet er tatt frå nord.



Kvernslåtvegen 26 i planområdet. Bilde tatt frå aust.



Gangveg langs planområdet, bildet er tatt frå nordaust. Heilt til høgre i bildet skimtar ein løa og like bak Kvernslåtvegen 46.

Einebustad, Kvernslåttvegen 46,
gnr 120, bnr 415

Bustaden ligg søraust i planområdet, og vart opphaveleg bygd i 1925 for Olav Eida som starta planteskule her, men har vorte påbygd i nyare tid – i 1984 og 2012 ifølge byggesaksarkivet. Eit påbygg mot nord og nordaust i 2012 gjorde bygningskroppen større. Eit bilde i Byggesaksarkivet viser bygget slik det opphaveleg var.

Fasaden har nyare kledning, taket som opphaveleg truleg hadde skifer er bytt og her ser også ut til å vera sett i nye vindauger – i omlag same smårutete stil som ein kan sjå på bildet til høgre.



Eit noko uklart bilde frå Byggesaksarkivet viser korleis bustaden opphavleg så ut.



Dagens situasjon – fasadar mot nord og vest.



Dagens situasjon – fasade mot aust.



Dagens situasjon – fasade mot nord.



Dagens situasjon, fasade mot sør.

Løa, gnr 120, bnr 456

Løa vart truleg bygd rundt same tid som våningshuset med dagens adresse Kvernslåttvegen 46, altså midten av 1920-åra. Løa er bygd av ein kombinasjon av tre og teglstein, og har bølgeblikktak. Den har låvebru i naturstein. Nokre av rutene er knuste, og her er manglande vedlikehald. Bygget er tilsynelatande i bra stand, men tilstanden har ikkje vore undersøkt av fagperson. Det finst ingen opplysningar om løa i byggesaksar-



Fasadar mot sør og aust med låvebru.



Fasade mot sør.



Fasade mot vest.



Fasade mot nord.



Fasade mot aust.

Veksthus, gnr 120, bnr 455

Lengst nordvest i planområdet står eit veksthus som truleg er frå ca. 1970-åra. (Ein ser det ikkje på flyfoto før den tid). Det er bygd inntil ein bakkemur i bakkant, er ca. 20x6 m stort, og består av rammeverk i tre med plastplater utenpå. Veksthuset er overvokst med tre, og står i dag til forfall.



Bakkemurar

Norvest i planområdet er det fem bakkemurar. Mellom Kvernslåttvegen 46 og løa er det tre parallelle bakkemurar som ligg som trappetrinn ned bakken som skrår ned mot vest. Dei er rundt 20 meter lange, og det er rundt 10 meter mellom kvar av dei. Dei er rundt 1 meter høge, og består av tørrmurt naturstein. Dei kan sjåast tydeleg på flyfotoet fra 1951 (side 5). Det same kan dei to bakkemurane som går frå løa mot nordvest. Dei sistnemnte er vanskelege å sjå siden området er heilt gjenvokst med tre. Dei er av same type som dei tre parallelle bakkemurane, tørrmurt naturstein, men noko høgare, ca 1,2 meter. Alderen på bakkemurane er usikker, men truleg er dei frå tida då Eides planeskole vart etablert, altså 1920-åra.



Nederste bildet er henta frå den forrige kulturminnerapporten, ettersom me var på synfaring då det var snø. Bildet viser bakkemurar som går frå løa mot nordvest.

Kvernslåttvegen 24, gnr 120, bnr 454

Bustad med ukjent byggeår. Det er ingen opplysningar om bustaden i byggesaksarkivet. Truleg er bustaden frå 1920–1930-åra. På flyfoto frå 1951 til i dag kan ein sjå at bustaden gradvis vert påbygd. Området rundt bustaden er overgrodd med vekster, og rutene i huset er knuste. Det er tydeleg at uvedkommande har vore inne i huset, og det står i dag til forfall.



Kvernslåttvegen 24, fasade mot vest. Bustaden har stått tom lenge og er til forfalls, tomte er overgrodd.



Kvernslåttvegen 24, fasade mot aust.



Kvernslåttvegen 24, fasade mot nord.

Kvernslåttvegen 26, gnr 120, bnr 431

Ein bustaden ligg sørvest i planområdet, og vart bygd i 2004, og garasjen i 2005.



Kvernslåttvegen 26, garasje.



Kvernslåttvegen 26, fasade mot vest.

Det nye prosjektet – konsekvensar for eksisterande kulturmiljø

Kort oppsummert så er føremålet med reguleringsplanen fortetting. Det er føresett at dei tre einebustadane og veksthus i planområdet skal rivast, medan ein ønsker å bevare løa, hageanlegg og noko eksisterande vegetasjon. Den større områdekarakteren er hovudsakleg prega av einebustader og rekkehus. Dei siste tiåra har ein imidlertid sett ei rivande utvikling i området, som her gjer seg gjeldande langs bybanetraseen og Steinsvikvegen, og like vest for planområdet der det i nyare tid er etablert blokkbusetnad. Medan det aust og sør for planområdet er einebustader som dominerer. Samla sett er det i området rundt planområdet i dag liten eigenart når det gjeld formspråk og materialbruk. Ein finn enkelte delområder med noko meir heilskap. Planområdet utgjer eit av dei få områda igjen der det er spor etter jordbruksaktivitet. Det som er igjen av Eides planteskole utgjer i dag viktige historieforteljande element.

I presentasjonen av det planlagte prosjektet står det følgande: «Det er lite egenart på stedet. Det er bygget blokker, rekkehus og eneoliger i en rekke formspråk, materialer og farger. Det er derfor vanskelig å bygge videre på disse kvalitetene. vi har derfor valgt å bygge videre på de mest tidløse og enkle byggene. Vi mener at Siljuslåttens sykehjem, og rekkehus i Harald Sæveruds veg, tegnet av Lund og Laastad, representerer gode og tidløse kvaliteter.» Siljuslåttens sjukeheim er i stor grad utforma med teglfasade, som arkitekten framhevar som eit solid og estetisk materiale, og gjerne særskilt på større volum. Han viser også til at tegl er godt forankra som eit historisk byggemateriale. Material- og fargebruk er elles tenkt henta inspirasjon frå den eksisterande løa i planområdet også, kor ein i prosjektet vil forsøke å få til ein samanheng mellom det eksisterande og det nye.


Ein kan forstå det planlagte prosjektet som ein forlengelse av utbygginga med store volum langs Steinsviksvegen og området vest for planområdet. I det planlagte prosjektet er volum på nybygga størst ut mot Steinsvikvegen. Mot sør der planområdet grenser mot einebustader er det lagt opp til etablering av rekkehusstruktur, kor arkitekten argumenterer med «eit snillare møte» av bygningshøgder og bustadtettheit. Arkitekten for prosjektet viser til at dei planlagte rekkehusa vil gje ein god heilskap i busetnaden i området, og har ei særprega utforming. Rekkehusa skal ha ein overgangseffekt i skiljet mellom blokkbusetnad nærare Steinsvikvegen og eksisterande einebustadbusetnad lenger i sør. Bygga kan trappast ned til to etasjar helt i sør der dei møter einebustader.

Mot aust er det noko lenger avstand frå planområdet til eksisterande busetnad med einebustader. Terrenget mot gangvegen her i aust er ein åsrygg. I skråninga mot aust står det i dag fleire tre av forskjellige størrelser og art. Arkitekten i prosjektet ser på åsryggen som ein buffer mellom ny busetnad og gang/sykkelveg: «Åsryggen, med planteanlegget og låven på vestsiden, og trerekken i øst, kan tilføre fine kvaliteter og heve området bokvalitet».


I planområdet skal løa og terrasserte bakkemurar bevarast. I presentasjonen av prosjektet står det at «Vår samlande ide er å skape et stort felles uterom for beboerne som er skjermet mot støy og som gir plass til de historiefortellende elementene. Det er dette rommet byggene vil bli strukturert rundt, og som vi være stedets hovedattraksjon.» Illustrasjonane på dei følgande sidene viser plassering i nybygg i forhold til bygg/bakkemurar som skal bevarast og illustrerer bruken av takform, farge- og materialbruk for rekkehusa, og korleis dsette samsvarer med eksisterande løe som skal bevarast. Materialbruken på blokkene går igjen med hovudsakelig tre og tegl.




Illustrasjonsplan Folldalen. Kjelde: Sweco Architects AS.




Situasjonsplan Folldalen – snitt. Kjelde: Sweco Architects AS.



Situasjonsplan Folldalen – snitt. Kjelde: Sweco Architects AS.



Situasjonsplan Folldalen – snitt. Kjelde: Sweco Architects AS.



Situasjonsplan Folldalen – snitt. Kjelde: Sweco Architects AS.



3D-bilder, perspektiv. Kjelde: Sweco Architects AS.



3D-illustrasjonar, planlagt prosjekt. Kjelde: Sweco Architects AS.



3D-illustrasjonar, planlagt prosjekt. Kjelde: Sweco Architects AS.



3D-illustrasjoner, planlagt prosjekt. Kjelde: Sweco Architects AS.

Litteratur og kjelder

Gunnarsjaa, Arne. 1999. *Arkitekturleksikon*. Abstrakt forlag, Oslo.

Larsen, Jacob T. 2002. Gards- og ættesoge. Bind 4 Fana bygdebok. Fana bygdeboknemnd, Bergen.

Hjulstad, Olav. 1975. *Byggeskikk på landsbygda*.

Våge, Jan. 2000. *Hus og tun gjennom tidene*, Landbruksbokhandelen, Ås.

Seeiendom.no

Byggesaksarkivet, Bergen kommune

Universitetsbibliotekets billedsamling i Bergen – marcus.uib.no

Norgebilder.no

Bergenskart.no